



ASKVOLL  
kommune



FJALER  
kommune



HYLLESTAD  
kommune

## Overordna retningslinjer for perioden 2021 til og med 2024 for:

- **Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)**
- **Nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)**
- **Tilskot til tiltak i beiteområde**



Foto. Gaute Losnegård, Steingard på Arstein, Straumsnes i Fjaler

## Innhald

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Prosess og lokal forankring</b> .....	<b>3</b>
<b>3. Verdiar og utfordringar i Askvoll, Fjaler og Hyllestad sitt jordbrukslandskap</b> .....	<b>3</b>
3.1 Verdiar i Askvoll, Fjaler og Hyllestad sitt jordbrukslandskap .....	3
3.2 Oversikt over spesielle utfordringar i Hyllestad, Fjaler og Askvoll .....	4
<b>4. Tilskot til Spesielle miljøtiltak i landbruket (Smil)</b> .....	<b>5</b>
4.1 Sentrale mål og føringar .....	5
4.2 Oversikt over bruk av Smil midlar førre tiltaksperiode.....	6
4.3 Retningslinjer .....	7
4.4 Lokale mål og prioriteringar.....	8
4.5 Skildring av nokre tiltak innan Smil ordninga .....	9
4.6 Tilskotsatsar.....	8
4.7 Søknadsfrist.....	10
4.8 Trong for midlar i perioden.....	10
<b>5. Tilskot til Skogbrukstiltak</b> .....	<b>11</b>
5.1 Overordna retningslinjer .....	11
5.2 Retningslinjer i Askvoll, Fjaler og Hyllestad .....	11
5.3 Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar .....	12
5.4 Tilskot til drift med taubane, hest og anna.....	15
5.5 Tilskot til skogskultur .....	17
5.6 Skogfond .....	20
5.7 Landskapsregion 20- Kystbygdene på Vestlandet .....	20
5.8 Motivasjonsprosjekt .....	21
<b>6. Tilskot til tiltak i beiteområder</b> .....	<b>22</b>

---

## 1. Innleiing

Dei ulike regelverka som gjeld for ordningane spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tilskot til tiltak i beiteområde og nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) slår fast at kommunane skal utarbeide overordna retningslinjer for prioritering av tilskot.

Dei kommunale tiltaksstrategiane skal reviderast kvart 4. år. Strategidokumentet skal danne grunnlaget for kommunen si forvaltning av økonomiske verkemiddel tildelt frå staten med basis i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområde (tiltak i beiteområde) og forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).

Utarbeidd tiltaksstrategi er ikkje ei omfattande analyse, men gjev ei skisse over korleis kommunen vil prioritere bruken av midlane. Prioriteringane er forankra i gjeldande lovverk, nasjonale og regionale føringar og innspel frå næringsorganisasjonane. Søkjarane vil gjennom tiltaksstrategiane få tips om kva ein kan søkje på under dei ulike ordningane og få kjennskap til korleis kommunen vil prioritere søknadene. Kommunen har informasjonsplikt overfor statsforvaltaren på korleis midlane vert nytta, og at midlane vert fordelt i samsvar med den lokale tiltaks strategien.

## 2. Prosess og lokal forankring

For å styrke det lokale sjølvstyre har lokallaga av Bondelaget, Bonde og Småbrukarlaget og Skogeigarlaget delteke i arbeidet med å forme planen. Statsforvaltaren i Vestland og beitelaga har og vore høyringsinstans.

## 3. Verdier og utfordringar i Askvoll, Fjaler og Hyllestad sitt jordbrukslandskap

### 3.1 Verdier i Askvoll, Fjaler og Hyllestad sitt jordbrukslandskap

**Askvoll kommune** har eit variert kulturlandskap frå den vestlegaste busetnaden på Sandøy til dei nedlagde fjellgardane i Fossedalen. Her finn ein kulturminne frå bronsealderen (1800-500 år f. Kr.) i form av jordbruksristningar på Leirvåg og i Staveneset, og bygningar og kulturelement som vitnar om busetnad og vekslende bruk av naturressursane frå havet til fjellet i heile denne tidsperioden. Frå nyare tid har vi gamle handelsstader som Hindøy, Sauesund, Værøyhamn og fråflytta øyar som Tviberg der fiskarbonden levde og sette sitt preg på kulturlandskapet. I Askvoll finn ein og austlandsliknadene flatbygdnatur som har gitt grunnlag for landbruksdrift gjennom generasjonar. Spesielt for Askvoll er og områda med kystlynghei og kystblåstjerne på Atløy og på Værlandet/Bulandet.

**Fjaler kommune** har eit variert utval av kulturmark og kulturmarkstyper. Her finn ein mellom anna gravminne frå jernalder/-bronsealder, og særskilt kjent er steinkrossen, som ligg ved den gamle handelsstaden/ skipsleia Korssund. Utnyttinga av naturgrunnlaget og driftsformer i jordbruket er tilpassa både kyst og innland. Topografien frå Hellevik og vidare ut langs Dalsfjorden er småskala og oppstykkja, og utgjer ein mosaikk av små, lune viker, bergskorter og verutsette knausar. Fjord- og dal landskapet i indre Fjaler har eit betre utvikla jordsmonn og ein meir variert samansett vegetasjon og oftast betre tilgang på utmarksareal enn ved kysten.

Dette skuldast m.a. topografiske variasjonar i kommunen, samt ulikskaper i berggrunn, klima og vegetasjon. Særleg i Guddalen finn ein godt bevarte bygningar frå langt tilbake, her har klimaet ikkje vore like tøft som på kysten med tanke på forfall og meir har fått stå att i landskapet.

Forfattern Norvald Tveit (1983) skildrar så treffande **Hyllestad kommune** på denne måten: «Langs kyststripa ligg eit utval av det som finst av vilt og vakkert langs kysten. Aude strender, nakne bergrabber og ville kalde fjell, men og eit mylder av lange, fine bukter, store og små holmar og lange skogkledde nes». Det går fjordarmer innover kommunen og delar opp landskapet i vest og sør. Fjordane er Åfjorden, Skifjorden, Lifjorden og Bøfjorden. I tillegg til den lange og varierte kystlinja har kommunen frodige skogkledde dalar og store fjellvidder med beite og fiskevatn. Lauvskog pregar mykje av utmarka i heile kommunen. Geografien gjer at det er vanskeleg å få til rasjonell stordrift av areala i Hyllestad kommune, areala er gjerne oppstykkja og til dels brattlendt. Tradisjonelt har kombinasjonen fiske og jordbruk stått sterkt, og i nyare tid kombinasjonen industri/jordbruk.

Vi finn i alle dei tre kommunane fleire stader med synlege byggverk som steingjerder, kvernhus, vassdemningar og gamle ferdselsstiar som vitnar om det daglege livet i landbruket. Dei største kulturlandskapsverdiene innan biologisk mangfald er gjerne knytt til litt tungdrivne småbruk der dei disponible naturressursane over tid, er godt utnytta på ein berekraftig måte.

### 3.2 Oversikt over spesielle utfordringar for Askvoll og Fjaler og Hyllestad

#### **Attgroing og manglande gjerdehald**

Endra driftsopplegg i jordbruket gjennom mange tiår med mindre beitebruk, færre føretak og mindre bruk av dei marginale areala, har ført til at tidlegare jordbruksareal har gått ut av produksjon og grodd til med skog og kratt. Dette har ført til tap av verdifullt kulturlandskap og biologisk mangfald inkludert tap av stiar og ferdsleveggar i kulturlandskapet. Det er og utfordringar med færre aktive bruk og manglande gjerdehald på tidlegare aktive landbrukseigedomar.

#### **Auka nedbørsintensitet**

Auka nedbør og elvar som går over sine bredder og fører til erosjon og utfordringar med tap av næringsstoff er ei utfordring. Vidare er for liten dimensjon av tidlegare røyrssystem med dagens store nedbørsmengder eit problem.

### **For små gjødsellager**

Gjødsellager som er for små og husdyrgjødsel som vert spreidd seint på hausten med låg gjenvekst og fylgjande tap av næringsstoffer er ei utfordring. Tilskotet frå innovasjon Norge til å setje opp nye gjødsellager er altfor avgrensa.

### **Kulturminneforfall**

Færre landbruksføretak og høge kostnader ved vedlikehald av kulturminne som steingarder, verneverdige eldre bygningar med meir gjer det utfordrande å halde vedlike arven frå tidlegare tider.

### **Svartelista artar**

Etablering av framande skadelege artar er ein trussel for biologisk mangfald.

## **4. Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (Smil)**

### **4.1 Sentrale mål og føringar**

Formålet med tilskotsordninga er å fremme natur og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå landbruket. Normalt blir det berre løyvd tilskot til tiltak som går utover det som kan forventast av vanleg jordbruksdrift på ein landbrukseigedom. Det faglege og administrative handlingsrommet er fastsett i Smil forskrifta: [Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket](#) og i [Kommentar til forskrifta](#)

I Vestland fylke ynskjer ein at måla i dei lokale tiltaksstrategiane er forankra i regionalt miljøprogram for fylket. Hovudmål for dette programmet er : «Miljøprogrammet i Vestland skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast».

## 4.2 Bruk av midlane i førre tiltaksperiode frå 2017-2020

År 2017	Tiltak	Askvoll, ramme kr 260.000 Inndradde midlar kr 104.600 Totalt: 364.600	Fjaler, ramme kr 240.000 Inndradde midlar kr 39.650 Ekstra løyving kr 22.345 Totalt kr 301.955	Hyllestad
	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal	kr 364.600 (100%)	Kr 265.255 (88 %)	
	Elveførebygging		Kr 11.500 (4%)	
	Restauring av bakkemur		Kr 25.200 (8%)	
År 2018	Tiltak	Askvoll, ramme kr 260.000 Inndradde midlar kr 24.500 Totalt kr 284.500	Fjaler, ramme kr 240.000 Inndradde midlar kr 49.600 Totalt kr 289.600	
	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal	Kr 23.900 (8 %)	Kr 180.400 (62,3%)	
	Restaurering av gamle bygningar	kr 101.800 (36 %)	Kr 44.400 (22,3%)	
	Elveførebygging, erosjonssikring	kr 158.800 (56 %)	Kr 64.800 (15,3 %)	
År 2019	Tiltak	Askvoll, ramme kr 260.000 Inndradde midlar kr 131.700 Ekstra løyving. Kr 144.800 Totalt kr 536.500	Fjaler, ramme kr 240.000 Inndradde midlar kr 30.900 Totalt kr 270.900	
	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal	Kr 526.900 (98,2 %)	kr 101.400 (37 %)	
	Elveførebygging, erosjonssikring	Kr 9.600 (1,8%)	Kr 0	
	Restaurering steingard/bakkemur	Kr 0	Kr 38.000 (14%)	
	Restaurering av gamle bygningar	Kr 0	Kr 131.500 (49%)	
År 2020	Tiltak	Askvoll, ramme kr 260.000 Inndradde midlar kr 0 Ekstra løyving kr 118.000 Totalt kr 378.000	Fjaler, ramme kr 230.000 Inndradde midlar kr 59.800 Ekstra løyving kr 49.350 Totalt kr 339.150	Hyllestad, ramme kr 110.000 Inndradde midlar kr 14.000 Ekstra løyving kr 30.555 Totalt kr 154.555
	Reperasjon steingard	5000 (1 %)	4750 (1,4 %)	
	Tilrettelegging tursti/beiteveg	15.000 (4%)		
	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal	338000 (89 %)	126.100(37,2)	154.555 (100%)
	Restauring av gamle bygningar	0 kr	59.000 (17,4%)	
	Elveførebygging/steinsetting kanal	20.000 (5%)	149.300 (44 %)	
2017-20		1.563600	1.201605	
	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal mm	1.253400 (80,2 %)	673.155 (56,0 %)	
	Restaurering av eldre bygningar etter antikvarisk prinsipp	101.800 (6,5 %)	234.900 (19,5 %)	
	Elveførebygging, erosjonssikring	188.400 (12,0 %)	225.600 (18,8 %)	
	Anna (rep av steingard, tursti/beiteveg, bakkemur)	20.000 (1,3 %)	67.950 (5,7 %)	

Kommentar til tabellen: Det er skilnader frå år til år korleis fordeling av Smil-midlane har vore når det gjeld kulturlandskap tilskot, hydrotekniske tiltak og restaurering av eldre bygningar, dette har mest å gjere med kva tiltak som blir søkt om i dei enkelte kommunane kvart år. For Hyllestad har vi berre tal for tildelinga frå 2020 då landbruksforvaltninga for Hyllestad, Fjaler og Askvoll vart felles. Dei to siste åra har statsforvaltaren prioritert omfordeling av tilgjengelege midlar mellom kommunane hovudsakleg til forureiningstiltak som hydrotekniske tiltak og dekke over eksisterande gjødsellager.

### 4.3 Retningslinjer

Vedtaksmynde: Den administrative fullmakta er delegert til einingsleiar for landbruk. Det vert årleg rapportert til politisk utval i Hyllestad og i Askvoll og til Formannskapet i Fjaler.

Aktuelle søkarar: Kven som kan få tilskot til SMIL midlar går fram av til ei kvar tid gjeldande regelverk for ordninga, jf. forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Aktuelle tiltak: Det kan søkast om tilskot til tiltak som tek vare på natur- og kulturminneverdiar i kulturlandskapet, eller hindrar ureining frå landbruket. Aktuelle prosjekt må vere innanfor følgjande sju tiltaksgrupper:

1. kulturlandskapstiltak
2. biologisk mangfald
3. friluftsliv og tilgjengelegheit
4. kulturminne og kulturmiljø
5. forureiningstiltak
6. avrenning til vatn
7. utslepp til luft

Det kan òg søkast om tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt som omfattar miljøtiltak som dekker større områder, og som fører fram til konkrete tiltak innanfor tiltaksgruppene som er nemnd ovanfor.

Søknad:

Søknader skal sendast inn digitalt med innlogging via ID porten [sjå landbruksdirektoratet si infoside](#)

Søknaden skal som eit minimum innehalde følgjande:

- Omtale av tiltaket.
- Framdriftsplan.
- Kostnadsoverslag.
- Finansieringsplan.
- Kart over driftseininga der det aktuelle tiltaket, kulturminne, erosjonsutsette areal og område med viktige miljøkvalitetar er avmerkt.
- Fotografi og/eller teikningar.

- Løyve frå grunneigar dersom tiltaket skjer på leigd landbrukseigedom.
- Gjødslingsplan og journal over nytta plantevernmidlar

#### 4.4 Lokale mål og prioriteringar

- Halde ope det særeigne kulturlandskapet gjennom skjøtseltiltak og aktiv bruk av beiteressursane, istandsetting av særleg biologiske verdfulle areal/ - naturtypar går føre andre søknader om kulturlandsskap
- Ta vare på kystlyngheia som kjenneteiknar spesielt delar av Askvoll og ytre Fjaler/Hyllestad gjennom varig skjøtsel og aktiv bruk
- Førebygge erosjon og tap av matjord gjennom hydrotekniske tiltak som fell utanom dreneringsordninga
- Innan bygningsvernet skal ein prioritere heilskapelege bygningsmiljø og einskildbygningar med stor verdi for det samla kulturlandskapet. Det er ein fordel om kulturminne er omtalt i kulturminneplanen for kommunen.
- Ta vare på gamle steingardar og bakkemurar
- Klimavennleg landbruk med lite tap av næring og klima gassar til dømes tak over eksisterande gjødssellager
- Halde vedlike gamle ferdsléarar i landbruket sitt kulturlandskap
- Bekjempe svartelista arter

-Midlane skal bidra til å styrkje busetting, næring, og trivsel i vårt område.

-Aktive bruk skal prioriterast høgt

- Næringsverdien av tiltaket skal vurderast- søkjarar med størst bruk/nytte prioriterast før andre tiltak

-Nye brukarar og bruk med høg gjennomføringsevne skal prioriterast høgare enn dei med allereie pågåande søknader innan ordninga eller fleire prosjekt som ikkje vart fullførte.

#### 4.5 Skildring av nokre tiltak innan SMIL ordninga

##### Kulturlandskap

Tiltak som fremjar aktiv bruk og skjøtsel av gamle beite- og slåttemarkar/ biologisk mangfald vil verte høgt prioritert. Areala som skal ryddast må ha miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, kulturmiljø eller ferdsel dersom dei skal kvalifisere til dette tilskotet. Ryddinga av



rein skogsmark utan spor av miljøverdiar fell utanfor ordninga. Tiltak retta mot kulturlandskap der attgroing har kome så langt at det er få spor etter den historiske bruken, vil verte lågare prioritert enn tiltak i kulturlandskap der kontinuiteten i bruk er godt synleg. For å få god effekt av Smil midlane er det viktig at tiltaket har ein mest mogeleg varig og bærekraftig karakter. Dette inneber at aktive brukarar med gode planer framover for tiltaket vil verte høgare prioritert ved elles like tiltak (eit døme her er beiterydding i kombinasjon med auka dyretal).

#### Hydrotekniske tiltak

Tiltak som reduserer erosjon og avrenning av næringsstoff, men som ikkje kjem under ordninga for dreneringstilskot. Døme kan vere restaurering/steinsetting av open kanal/bekk.

#### Ferdsl tiltak i landskapet/ stiar

Støtte til ferdseltiltak/rydding av stiar, skal i størst mogleg grad vere til gjensidig nytte for landbruksnæringa/ ålmenta for å verte prioritert. Fellestiltak er her tenleg.

#### Verneverdige bygningar og kulturminne

Tiltak retta mot bygningsvern vil ha ein lågare prioritet enn skjøtseltiltak. Tiltak som kan vere aktuelt å prioritere er; i standsetting av steingarder, heilskapelege bygningsmiljø, freda bygningar, og bygningar/ kulturminne med høg historisk verdi for kulturlandskapet/ ålmenta. Ved vurdering vil særskilt bygnings-/kulturminnevern som ivareteke konstruksjon og handverksteknikkar som i dag er sjeldsynte i vårt område bli vektlagt. Også bygningar/ bygningsmiljø/ kulturminne som på ein særskilt måte formidlar historia til livet på bygdene i eldre tider vil kunne vere viktig å bevare.

### 4.6 Tilskotssatar for prioriterte tiltak for SMIL

Planlegging/tilretteleggingsprosjekt:	inntil	50 %
Rydding og gjerdetiltak i gamal kulturmark, hydrotekniske tiltak	inntil	50 %
Restaurering av steingardar og bakkemurar	inntil	50 %
Gjenopning av gamle ferdselsårer/ driftsveggar	inntil	30 %
Dekke til eksisterande gjødsellager *	inntil	30 %
Bygningsvern *	inntil	15 %

Dersom det skulle vere få søkarar og ledige midlar kan det vere aktuelt å auke tilskotssatsane med 20 % . \* Til restaureringsprosjekt med høgt kostnadsoverslag, vil det kunne vere naudsynt å nytte ein lågare tilskotssats for å kunne prioritere prosjektet. Kulturminnefondet kan vere ei alternativ finansieringskjelde til Smil ordninga for bygningsvern. For å kunne prioritere dekke til gjødsellager, er kommunen avhengig av å få tilført meir midlar frå fylkesmannen til dette.

For tilskot til rydding av beite har ein sett ein maksimal sats for godkjenning av kostnadsoverslag på 3000 kr/daa (50%tilskot-1500 kr/daa)

Ved eigeninnsats vert fylgjane satser godkjente i kostnadsoverslaget:

- planlegging av større tiltak : 200 kr/time
- manuelt arbeid utan motorisert reiskap : 300 kr/time
- manuelt arbeid med bruk av motorsag/ryddesag: 350 kr/time
- arbeid med bruk av traktor/gravemaskin: 500 kr /time

-for oppsetting av gjerde vil normalt ikkje innmarksbeite og fulldyrka/overflatedyrka jord bli omfatta av ordninga då dette er tiltak som går under ordinær drift.

For gjerding vil kommunen godkjenne kostnadsoverslag på inntil 80 kr/m for lett gjerding, inntil 100 kr for meir krevjande oppsett av gjerde og inntil kr 120 for det mest krevjande terrenget (til dømes med mykje bruk av boring/kamstål og krevjande bratt terreng. For oppsett av permanent elektrisk gjerde vert satsene halvert i høve til oppsett med permanent gjerde.

#### 4.7 Søknadsfrist

Søknadsfristen er sett til 30. april i 2021, for seinare år (2022 →) er søknadsfristen framskunda til 1.mars. for å ha god oversikt over søknadsmassen og mogelegheit for å få ekstra tildelingar frå statsforvaltaren. Ordninga skal publiserast på heimesida til kommunen og SMS/mail til søkjarar om produksjonstilskot. Det skal fattast endeleg vedtak, om løyving eller avslag, på alle søknader som er levert innan fristen kvart år. Søknader som er levert etter fristen *kan* verte handsama om det er tilgjengelege midlar det aktuelle året. Dersom det ikkje er tilgjengelege midlar vert dei handsama neste søknadsomgang.

#### 4.8 Trong for midlar i planperioden

Ramma til SMIL ordninga har gått ned i førre planperiode. Det har vore høg aktivitet og knapt med midlar. Vi går inn i ein ny 4 års periode der ein i dei lokale retningslinene har auka satsane for eigeninnsats på same tid som prisen på innsatsmidlar også har steget. Dette gjer at kommunen stipulerar at det trong for auka rammer lokalt.

Vi vil utfrå dette og tidlegare erfaring med ordninga, stipulere kostnadsbehovet til kr 500.000 for Fjaler, 500.000 for Askvoll og 250.000 for Hyllestad.

## 5.0 Tilskot til Skogbrukstiltak

### 5.1 Overordna retningslinjer

I NMSK-forskrifta § 3 står det:

*Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Statsforvalteren, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket.*

Kommunane tok i 2020 over løyvingsfullmakta til skogsvegar og drift i vanskeleg terreng. I brev frå Statsforvaltaren, den 17.1.2020 er kommunane bede om å utarbeide retningslinjer for NMSK-midlar, og synleggjere trong for tilskots-midlar til skogkultur, drift i bratt terreng, og skogsvegar. Retningslinjene vert frå 2021 felles for Askvoll, Fjaler og Hyllestad. Retningslinjene har vore sendt på høyring til faglaga (bondelag/ lokalt skogeigarlag), samt Statsforvaltaren.

### 5.2 Retningslinjer i Askvoll, Fjaler og Hyllestad.

Landbruksforvaltninga, har i dialog/ arbeidsmøte med lokallag, og på bakgrunn av føringar frå Statsforvaltaren utarbeidd fylgjande retningslinjer. Retningslinjene dekkjer søknader knytt til tilskot til skogsvegbygging, skogkultur, og drift i vanskeleg terreng.



Bilete av Kvamen Tømmerkai i Fjaler, september 2019.

### 5.3 Tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar

I NMSK-forskrifta står det: *”Det kan gis tilskudd til bygging av nye eller ombygging av eksisterende skogsveier når dette bidrar til helhetsl sninger som gir grunnlag for utnyttelse av skog- og utmarksressursene.»*

Vidare st r det at vegen skal vere godkjend etter forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar eller plan- og bygningslova. F r anleggsarbeidet vert starta skal byggjeplan godkjennast av kommunen. Krav til planen m  st  i samsvar til kompleksiteten til det einkilde veg-prosjektet, eks. fare for anna infrastruktur, naturfare (skred/ flaum), og ulike milj verdiar m.m. Meir info p  [www.skogsvei.no](http://www.skogsvei.no) .



Illustrasjonsbilete av skogbilveg.

#### Vegstandard/ skogverdi

Vegen m  ha ein standard som er tilfredsstillande for den aktuelle bruken og skal byggjast i samsvar med gjeldande normalar for landbruksvegar. Vegstandarden m  avpassast skogen og det aktuelle området. For st rre veganlegg skal det nyttast godkjend vegplanleggar.

P  grunn av skilnaden i kostnad og geometri skal traktorveg klasse 7 vurderast opp i mot bilveg. Dette gjeld s rskilt om areal med planta gran som vert l yst ut er under 100 dekar/ 5000m<sup>3</sup>, eller i tilfelle der det er vurdert   bygge i vegklasse 5 (bil utan hengar), eller n r offentleg tilkomstveg ikkje er open for bruk av t mmervogntog.

St rre fellesanlegg skal prioriterast h gt. For slike prosjekt m  det ogs  skipast veglag. Fordeling av kostnadene for bygging og vedlikehald av anlegget skal g  fram av s knad, ev. anna skriftleg avtale.

Dersom offentlig tilslutningsveg ikkje held standard for vogntog (12,4 eller 15 meter lengde) eller ikkje har tilstrekkeleg tillate aksellast (under 8 tonn), bør veglag/ eigar, vegplanleggjar og kommunen undersøke moglegheita for å skrive opp den offentlege vegen, samt utbetre flaskehalsar på vegnettet.

### Prioritering vegsøknader

Følgjande prioritering gjeld:

- Vegar, både nybygg og ombygging, i samband med vindfallhogst
- Samarbeidstiltak vert prioritert framfor søknader som gjeld einskildskogeigarar.
- Veganlegg med mykje hogstmoden skog (nært føreståande aktivitet) og store produktive areal vert prioritert føre anlegg med lite hogstmoden skog, eller område med låg skogverdi.
- Vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven vert prioritert.
- Bilveganlegg som løyser ut mykje skog skal prioriterast framfor traktorvegar\*

Det skal normalt ikkje gjevast tilskot til vegklasse 8. Veganlegg med samla kostnad under kr. 30.000, og vegar med lågare standard (avvik frå vegklassa) vert ikkje prioritert.

\*Traktorvegar i vegklasse 7 kan vere tilkomstveg. Ein vil gjennomføre vurdering av lønsemd bilveg/traktorveg der veganlegg løyser ut under 100 dekar/ 5000m<sup>3</sup>. Generelt så vil ein ofte måtte ha min. 60da m/ planta gran i hogstklasse 3-5 for at det skal være tilrådeleg å vurdere skogsbilveg.

### Tilskotssatsar

- Traktorvegar kan få mellom 25 – 45 % i tilskot (vurdering av skogverdi m.m). Høgaste sats kan t.d. vurderast ved bygging av traktorveg tilknytt skogsbiltrasè i område med mykje skog.
- Bilvegar, inklusiv snu/ velteplassar og tilkomstvegar kan få mellom 30 – 60 % i tilskot (vurdering av skogverdi, gode totalløysingar m.m. for avgjerd om tilskotssats).
- Vegklasse 5, samt vegklasse 8 og enklare vegar, er ikkje prioritert.
- Vegar som løyser mykje lauvskog og lite annan skog skal prioriterast lågt.

Anlegg der det er brukt godkjend vegplanleggjar (større veganlegg) kan få høgare tilskot med

- |  |                 |
|--|-----------------|
| - Detaljplanlegging                    | +3 prosentpoeng |
| - utarbeiding av anbud                 | +3 prosentpoeng |
| - oppfølging av anlegget under bygging | +3 prosentpoeng |

Berekning av tilskotsgrunnlag for skogsvegar skal reknast utifrå mengde skog i vegen sitt dekningsområde.

Bruk av skogfond med skattefordel må nyttast so langt det er råd. Det betyr at bygging av større veganlegg bør løyse ut monaleg med hogstmoden skog dei fem første åra etter bygging pga reglar knytt til skogfondsordninga. Veganlegg med lite hogstmoden skog, vil slik få låg prioritet.

### Spesielle miljøomsyn

Dersom planen for eit veganlegg må endrast av omsyn til naturmiljø og friluftsliv, skal eventuelle meirkostnader som skuldast dette gå inn i tilskotsgrunnlaget, og det kan kompenseras med ein noko høgare tilskotssats.

### Tilskot til overordna vegplanlegging

Overordna vegplanlegging og motiverande arbeid er vesentleg for å få til rasjonelle og lønsamme veganlegg. Kommunane kan yte tilskot til overordna vegplanlegging/ områdeplanlegging. Trong for midlar til overordna planlegging, vert avtalt i dialog mellom kommunen, statsforvataren og vegplanleggar.

### **Vilkår for tilskot**

- Veggen skal byggast etter godkjent plan, og etter tekniske krav i vegnormaler for landbruksvegar, og skal sluttsynfarast, og godkjennast.
- Søknaden skal gjelde nyanlegg og/ eller ombygging. Det skal vere planlagt snu- og velteplassar, der dette er naudsynt.
- Kostnadane for veggen skal vere kjent før ein søker om tilskot (eks v/ anbud, eller fastpris).
- Veggen skal vedlikehaldast, etter den standard den vart bygd.
- Ved fellestiltak skal det føreligge skriftlig avtale mellom deltakarane om fordeling av kostnader, og ansvarstilhøve knytt til gjennomføring av tiltaket.
- Det skal førast rekneskap for veganlegget med utgifter utan mva. Utgiftene skal vere dokumentert med fakturaer eller timelister ved eigeninnsats.
- Utbetaling av tilskot krev godkjent sluttrekneskap
- Det er eit vilkår for tilskot, at hogst av gran i vegens dekningsområde skal plantast att med gran med tilstrekkeleg tettleik (jmf skogbrukslova). Skogfaglege vurderingar kan likevel unntaksvis vege mot dette.

Bygging av skogvegar, spesielt i bratte lier, bør alltid sjekkast ut i forhold til om eit slik inngrep aukar naturfarepotensialet. Om veggen vert eit inngrep i skog med vernskogfunksjonar (ras, skred, steinsprang) bør ein vere ekstra varsam i planprosessen, og eventuelt ikkje tilråde vegbygging og hogst i dei mest utsette områda. Det kan verte utført vedlikehaldskontroll på vegar som er mellom 10 og 20 år gamle. Statsforvaltaren gjennomfører kontrollane i lag med kommunane.

### Søknad, og utbetaling

- Søknad om tilskot skal skje på søknadsskjema LDIR-903, og sendast til kommunen saman med kartgrunnlag.
- Krav om utbetaling og søknad om tillegsløyving av tilskot skal skje på skjema «Rekneskapssamandrag for skogsveganlegg»- LDIR-904.

Organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til MÅ først på skjemaet.

## 5.4 Tilskot til drift med taubane, hest o.a.

I NMSK-forskrifta står det: «Det kan gis tilskudd til utdrift av skogsvirke med taubane, hest o.a. Tilskudd kan bare gis der det er foretatt registrering av miljøkvaliteter i området. I områder der det ikke er foretatt miljøregistreringer, skal det stilles krav om gjennomføring av de førevar- tiltak som er nedfelt i Levende Skogs standarder».

I følge landsskogtakseringa står 30% av den planta granskogen i Vestland fylke i taubaneterreng. Det er liten konkurranse med annan arealbruk på dei bratte areala, og dei eignar seg godt til skogbruk. Taubanedrift er fylgjeleg ei viktig driftsform i våre område.



Taubanedrift med Mounity 4000 kran, foto Helge Kårstad, Kystskogbruket.

### Prioriteringar/ vilkår

- Hogst av stormfelt skog skal prioriterast
- Tilskot til drift i vanskeleg terreng skal berre gjevast når drifta blir gjennomført i hogstmoden skog (sjå bonitet-/alderstabell under).
- Det skal ikkje gjevast tilskot til område som skal brukast til andre føremål enn landbruksproduksjon.
- Det skal takast omsyn til skogens funksjonar i forhold til biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturminneverdiar og friluftsliv.

- Det kan berre utbetalast tilskot når drifta blir gjennomført utan særleg skade på spesielle miljøverdiar i området.
- Det er eit vilkår at det etter hogst av gran skal plantast att med gran. Skogfaglege vurderingar kan likevel vege mot dette. Arealet skal uansett foryngast tilfredsstillande etter §6 i Skogbrukslova og Forskrift om berekraftig skogbruk.
- Virke skal registrerast i Virkesdatabasen.
- Det skal ikkje gjevast tilskot i vernskog utan at hogsten er gjennomført i samsvar med dei fastsette retningslinene for forvaltning av vernskogen som gjeld for området.
- Det skal ikkje gjevast tilskot til drifter som vanskeleggjer forynging på hogd areal og eventuelle tilstøytande område.

### Alder

Søkker må dokumentere alder på skogen (t.d. kopi av skogbruksplandata, borrhøve) i søknad om tilskot. Tabellen syner lågaste alder for ulike bonitetar, for å gje tilskot:

Bonitet	Lågaste totalalder	Fråtrekk for alder målt i brysthøgde
G26 og betre	55 år	10 år
G23	60 år	12 år
G20	70 år	13 år
G17	80 år	14 år
G 14	90 år	16 år

### Tilskotssatsar

- Med gjeldande tømmerpris/driftsprisar (2020) bør tilskotet på grandrifter ligge på kr 140/m<sup>3</sup>.
- Tilskotet vil kunne verte justert, ved ein berekningsnøkkel for tilskot, som tek omsyn til varierende tømmerprisar

Ei variabel tilskotsordning vil i større grad gjere økonomien knytt til drifta, føreseielege for skogeigarar. Modellen under syner korleis ein bereknar tilskotet:

	<u>Tilskot, kr per m<sup>3</sup>:</u>
Gran: variabelt tilskot på:	48 000
	Snittpris virke
Furu og lauv: variabelt tilskot på:	56 000
	Snittpris virke
Hestedrifter og løypestreng:	0



Eksempel:

Snittprisen (brutto tømmerverdi) på grantømmer for tredje kvartal i 2019 var kr 345,- per m<sup>3</sup>. Dersom dette gjaldt for ei enkeltdrift ville det bli kr **48 000/ 345kr per m<sup>3</sup>** = kr 139 i tilskot per m<sup>3</sup> til taubanedrifta.

Tilskotet vert dermed tilpassa den einskilde drifta ved å sjå på snittverdien for virket etter at drifta er ferdig.

#### Søknad og sakshandsaming

- Søknad om tilskot skal leverast på skjema; LDIR-916, som er tilgjengeleg på landbruksdirektoratet sine nettsider.
- Utfylt skjema, kart, dokumentasjon på alder for skogen, og underskrift av skogeigar skal sendast kommunen –seinast seks – 6 – veker før planlagd oppstart av taubanedrifta!

#### Følgjande skal leggjast ved søknad om tilskot og oppmoding om sluttutbetaling

- Dokumentasjon på gjennomførte miljøregistreringar i skog (MIS). I område utan MIS-registreringar; dokumentasjon på at det er gjennomført føre-var-tiltak i tråd med PEFC sine standardarar.
- Detaljkart 1: 5000 som viser hogstområdet, miljøregistreringar og skogsvegar i nærområde.
- Oppmoding om utbetaling skal skje på eige skjema “Utbetalingsanmodning for tilskudd til drift med taubane, hest o. a (LDIR-931)” eller digitalt via skogfondssystemet.
- Om tilskotet skal utbetalast til andre enn skogeigar (eks. tømmeroppkjøpar), må dette merkast på søknadsskjemaet og organisasjonsnummer og bankkontonummer til den som tilskotet skal betalast ut til skal påførast.

NB! Tilsegn om tilskot vil ha kort arbeidsfrist, slik at midlane kan nyttast til andre drifter dersom drifta av ein eller annan grunn ikkje kjem i gang. Tilskotet vert trekt inn utan nærare varsel etter tre månader (ref. Statsforvaltaren) dersom det ikkje er gjeve varsel om at drifta vert forseinka.

## 5.5 Tilskot til skogkultur

For å samle retningslinene for alle tilskotsordningane knytt til Skog, har ein implementert mål og prioriteringar i dette dokumentet. Skogbrukslova pålegg skogeigar å sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd. Tilskot til forynging og ungskogpleie er viktige verkemidlane for å sikre framtidig skogproduksjon. På fylkesnivå vert berre halvparten av avverkingsarealet forynga etter hogst. Dette er ikkje tilfredsstillande og langt frå berekraftig!



Illustrasjonsbilete av skogplanting.

### Tilskotssatsar Skogkultur/ planting

Tilskot til skogkultur har tidlegare år variert mellom 30 - 70 % i vestlandsfylka, medan snitt tilskotssats for heile landet har vore under 20%. Årsaka til høge prosentssatsar på Vestlandet har samanheng med skogreisningstida og at skogeigarane tidlegare ikkje hadde fått sett av midlar på skogfond. I dag vert skogen hogd slik som i andre område av Noreg, og skogeigarane sett av skogfond til naudsynnte investeringstiltak. I Askvoll, Fjaler og Hyllestad har tilskotssatsen låge mellom 30-50%.

Forventa høg avverking, og ei avgrensa fylkesramme, indikerer at tilskotssatsen vil verte lågare i åra som kjem. Avsetning av tilstrekkeleg med skogfondsmidlar ved hogst er slik vurdert som vesentleg (bør settast av 15%).

Landbruksforvaltninga meiner vidare til liks med faglaga at det er naudsynt å halde oppe ein relativt god tilskotssats til skogkultur, mellom anna for å nå mål om tilfredsstillande forynging av skogen. Pga Røysets legat skiller landbruksforvaltninga på tilskotssatsane gjeldande for Røysets legats dekningsområde (Askvoll og ytre delar av Fjaler) og resterande områder.

- Tilskotssatsen til skogkultur er inntil 50% for ordinær nyplanting (35% i dekningsområdet til Røysets legat).
- Replanting grunna høg utgang, 70-80% (krev at ein har tilgjengelige midlar)
- Miljøtiltak i skog, inntil 80% (NMSK-forskrifta, §6).
- Ved høg søknadspågang, sett i høve tilskotsramme, vil tilskotet kunne verte redusert.
- Røysets legat – eigne midlar i Askvoll og ytre delar av Fjaler (dette tilskotet varierer med søknadspågang).

### Suppleringsplanting

Ved suppleringsplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på inntil 30% for kostnaden av inntil 50 planter per dekar med krav om at plantetalet etter suppleringsplanting tilfredsstillar det fastsette minimumstal per dekar. Tilskotet går ikkje av kommunen si tildelte skogkultur-ramme (sentralt tilskot, med sentrale føringar for tilskotssats).

### Tilskot til tettare planting

Ved nyplanting vert det gjeve eit sentralt tilskot på inntil 60 % (sentralt tilskot, med sentrale føringar for tilskotssats) for kostnaden av inntil 50 planter ekstra per dekar.

Sjå tabellen under:

Bonitet	Minimum plantetal per daa, etter suppleringsplanting	Intervall for plantetal som utløyser tilskot til tettare planting
26	220	220-270
23	220	220-270
20	200	200-250
17	180	180-230
14	160	160-210
11	130	130-180

### Kontaktinformasjon for plantebestilling/ og evt. plantearbeid

AT-Skog

Fjordtømmer AS

I våre områder har vi to hovudaktørar som kan bistå med tinging av plantar og plantearbeid. Desse vil også kunne veilede i rett val av plantemateriale. Det er også mogleg å organisere plantearbeidet sjølv. Landbruksforvaltninga har plantejern som kan lånast om ein vil plante sjølv! Plantar ein sjølv vil ein kunne søke tilskot, og bruke skogfondsmidlar til å dekke plantekostnadane. Ved berekningar av kostnad nyttar ein tilsvarande prisar som aktørane over.

### Ungskogpleie

Ein har i alle tre kommunane ein del attgroingsareal der det kjem opp mykje ny lauvskog. Ein del av desse areala kan med fordel stellast i form av kvisting og tynning slik at vi kan få til gode bestander med høg kvalitet. Ungskogpleie er eit svært viktig kvalitetsfremmande tiltak for skogeigar.

Det aller meste av tilskotet går i dag til nyplanting, og på fylkesnivå har berre 2% av tilskotet dei siste tre åra gått til ungskogpleie. Ungskogpleie er vidare ei lønnsom investering, ved at den aukar tilvekst, kvalitet og stormstabilitet, ved at framtidstrea får utvikle eit godt rotsystem og krone. Generelt aukar lønsemda med aukande bonitet og tømmerverdi. Normalt gjennomfører ein ungskogpleien når planta skog er mellom 1-4m. Ein bør rydde om lauvskogen held på å ta overhand!

### Tilskot til Ungskogpleie

- Tilskotssatsen til ungsogpleie er inntil 50% av godkjent kostnad, men vil kunne verte redusert om ein ikkje har tilgjengeleg tilstrekkeleg med skogkultur-midlar.
- For rydding av lauvskog (samt tynning av konkurrerande/skada barskogplanter) i granfelt, har ein utifrå erfaring, grovt rekna ein kostnad på 600-700kr/daa.



## 5.6 Skogfond

Bruk av skogfond gjev ein gunstig skattefordel (85% skattefordel). Det vil eksempelvis sei at når ein investerer i skogen med en 1000-lapp som har vært innom skogfondskontoen, så er det kunn 150 kr som blir skatta.

Skogfondordninga er ein viktig finansieringskjelde for blant anna skogkultur og ved vegbygging. Ordninga med skattefordel er sær s lønsam for skogeigaren og bør nyttast i større grad. I samband med planlegging av hogst vil det framover vere sær viktig å **avsetje tilstrekkeleg skogfond**. Lågaste sats (4 %) er for knapt til å finansiere framtidig skogkulturbehov – planting og ungsogpleie. Statsforvaltaren tilrår slik at ein framover sett av 15% av brutto tømmerverdi, for å finansiere eigendelen av forynginga og ungsogpleie. Har ein utgifter til vegbygging bør ein sette av maksimalt på skogfondskonto (inntil 40%), om dette er naudsynt for å dekke byggekostnadane.

## 5.7 Landskapsregion 20 – Kystbygdene på Vestlandet

Ein del areal langs kysten og på øyane ut i havgapet er ikkje eigna for skogproduksjon. Her er det samfunns- og miljømessig ønskjeleg å oppretthalde den opphavelige naturen eller tilbakeføre naturen så langt som mogeleg. Også økonomisk er desse områda uaktuelle for skogproduksjon. Landskapsregion 20 har mykje av naturtypen *kystlynghei* som vi skal ta vare på. Spesielt i desse områda er det ikkje ønskjeleg med aktivt skogbruk og skogplanting. Sjå link for kart LR-20.

[https://kart13.nibio.no/landskap/Fylkeskart/lreg\\_F14\\_150dpi.pdf](https://kart13.nibio.no/landskap/Fylkeskart/lreg_F14_150dpi.pdf)

Mykje av den tidlegare treplantinga som var gjennomført i LR-20 var motivert ut frå leplanting og brensel, ikkje kvalitetsproduksjon av tømmer. I dag er kanskje vurderingane annleis og det kan vere fornuftig å fjerne slike trekker og klynger utan å plante ny skog. Men det finst også døme på skogsbestand i LR-20 som har gjeve gode resultat og der det ikkje har vore konflikter med kystlandskapet og naturtypen kystlynghei.

Ein vil primært ikkje tilrå aktiv skogproduksjon og gje NMSK-tilskot i Landskapsregion 20. Foryngingsplikta skal vurderast med vekt på omsynet til kystlandskapet og særleg naturtypen kystlynghei.

I område/ lommer der det har vore drive kommersiell skogbruksdrift kan det likevel gjevast NMSK-tilskot, etter ei vurdering av omsynet til kystlandskapet og kystlyngheiane.

## 5.8 Motivasjonsprosjekt

Landbruksforvaltninga vil arbeide for at ein kan gjennomføre kurs og skogdagar, som aukar kunnskap og gjev motivasjon til ein betre utnytting og skjøtsel av skogressursen i våre område. Relevante tema kan vere; forynging, kurs i ungsogskjøtsel, kurs i bruk av skogfond, kurs i karbonbinding (tettare planting), og planlegging i førekant av avverking (bygging av vegar, rett avverkingstidspunkt og økonomi), Drift i bratt terreng er også eit aktuelt tema i vårt område. Landbruksforvaltninga ynskjer slik at Statsforvaltaren, slik som tidlegare, prioriterer å setje av prosjektmidlar, som kan stimulere til auka kunnskap og motivasjon, som grunnlag for eit uthaldande skogbruk. Det vil også vere aktuelt å legge til rette for motorsagkurs for ungdom, for å sikre rekruttering, og auke kunnskap og interesse for skogbruket i våre områder.

## 6. Tilskot til tiltak i beiteområder

### Retningslinjer for søknad om tilskot til tiltak i beiteområder

Frå og med 1.1.2020 er ansvaret for ordninga «Tilskot til tiltak i beiteområde», flytta frå Statsforvaltaren til kommunane. Føremålet med ordninga er å legge til rette for ei best mogleg utnytting av utmarksbeita, redusere tap av dyr på beite, og fremje gode fellestiltak i beiteområda.



#### **Kven kan søke (§2, forskrift om tilskot i beiteområde)**

- Lag og foreningar som driv næringsbasert beitedrift kan få støtte til investeringstiltak, og/ eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekter i beiteområda. Det er eit krav at det vert beita minimum 5 veker i utmarka, og at meir enn halvparten av medlemmane har rett på produksjonstilskot.
- Tilskot kan også løyvast til enkeltføretak som har rett på produksjonstilskot der dei natur- eller driftstilhøva ikkje gjev grunnlag for samarbeid.

Generelt kan det gjevast tilskot til alle typar tiltak som fremjar beiting i eit område.

### **Døme på tiltak:**

- Sperregjerder,
  - Sanke- og skiljeanlegg
  - Elektronisk overvåkingsutstyr (eks radiobjøller/no fence inntil 50% av dyretalet i laget)
  - Bruer dimensjonert for føring av beitedyr
  - Gjetarhytter/sankehytter (fellestiltak, inntil 20m<sup>2</sup>)
  - Sperregjerder mot innmark
  - Ferister
  - Anlegg rydding av drifteveggar/ råser
  - Transportprammer
  - Planlegging-/tilretteleggingsprosjekt (eks installasjonar, organisering lag/ beitebruk m.m.)
- Lista er ikkje uttømmmande.

### **Prioriterte tiltak**

- Investeringar i teknologi knytt til beitebruk (eks radiobjøller/no fence)
- Faste installasjonar og kostnadsnevjande investeringar
- Tiltak som legge til rette for sikker og aktiv bruk av ein større del av utmarksbeita, gjerne fellestiltak.

-Landbruksdirektoratet/ Statsforvaltaren tilrår ei 30/70 fordeling mellom elektronisk overvåkingsutstyr, og faste installasjonar, men dette kan justerast etter mengde og type søknader.

### **Tilskotssatsar, jamfør §3, Berekning av tilskot i Beiteforskrifta**

- *Det kan gis tilskudd med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag ved investeringstiltak.*
- *For elektronisk overvåkingsutstyr, og til planleggings- og tilretteleggingsprosjekter kan det gis tilskudd med inntil 70 % av kostnadsoverslag.*

Tilskotet vil avhenge av tilgjengeleg økonomisk ramme frå Statsforvaltaren, samt søknadspågang. Normalt har tilskotssatsen låge mellom 30-40% av godkjente kostnader. Ved for lite midlar i høve innkomne søknader, vil kommunen søkje statsforvaltaren om ekstra midlar. Det er vidare ei avgrensa mengde midlar som er tilgjengeleg per kommune.

### **Vilkår**

- Det kan verte gjeve avslag dersom arbeidet med tiltaket er oppstarta før søknaden er handsama.

- Det kan ikkje løyvast tilskot til investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområder som er leigd for ein kortare periode enn 10 år.
- Det er en forutsetning for tilskudd til faste installasjoner at det føreligg skriftleg løyve, eller avtaler med grunneigar eller andre som har rettigheter i det aktuelle beiteområdet.
- Det kan ikkje løyvast nytt tilskot til samme type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjeld ikke for tilskudd til elektronisk overvåkingsutstyr.
- Det kan foretas utbetalinger på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter hvert som deler av tiltaket eller prosjektet utføres. Minst 25 % av tilskuddet skal holdes tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregnskapet er godkjent.
- Arbeidsfrist for gjennomføring av tiltaket er 3 år frå tilskotet vart løyvd.

### **Rettleiande timesatsar for eige arbeid**

- Manuelt arbeid utan motorisert reiskap: 300 kr/time
- Manuelt arbeid med bruk av motorsag/ryddesag: 350 kr/time
- Arbeid med bruk av traktor/gravemaskin: 500kr/time

### **Søknad**

Søknad skal primært leverast elektronisk via søknadssenter på Altinn (lenke under):

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader/>

Søknadsfrist er sett til 1. mars frå og med 2022 (15.mars 2021)

### **Informasjon i søknad**

- Tiltak som gjeld faste installasjonar og rydding av vegetasjon skal være kartfesta
- Opplysningar om berørte beitedyr, tiltaksskilddring, kopi av avtalar/løyver som gjeld beitebruken i området, er relevante vedlegg for einskilde tiltak.

### **Utbetaling**

- Oppmoding av utbetaling skal i hovudsak skje via Altinn ([www.altinn.no](http://www.altinn.no)).
- Dokumentasjon vil normalt være kopi av betalt faktura for innkjøp av material/utstyr eller kopi av betalt faktura frå entreprenør eller annan oppdragstakar. Eige arbeid må dokumenterast med timelister.
- Kommunen utbetaler løyvd tilskudd etterskuddsvis når tiltaket er gjennomført. Dersom kostnadene til gjennomføring av investeringstiltaket og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjektet blir lavere enn godkjent kostnadsoverslag, reduseres tilskuddet tilsvarende.



- Delutbetaling kan skje med inntil 75 % av tilskotsbeløpet på grunnlag av godkjent dokumentasjon for realiserte kostnader. Minst 25 % av tilskuddet skal holdes tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregnskapet er godkjent (sluttutbetaling).

#### **Andre merknader**

- Ved planlegging og gjennomføring av tiltak er det viktig med dialog med andre brukergruppe som kan bli berørt av tiltaket (eks. oppsett av sperregjerde). Aktuelle brukergruppe kan være organisasjoner og næringsdrivende innenfor landbruk og reindrift, grunneigarar, hytteeigarar, turisme og idrettslag.
- 

**Utfyllende informasjon om regelverk og prioriteringar, finn ein i *forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområde (FOR-2013-02-04-206)*, samt *Endringsforskrift, (FOR-2020-12-21-3044)*, med tilhøyrande kommentarar.**